



**RANDI BJØRLO**  
randi@nordhordland.no  
Tlf. 56 35 55 70



**ARTHUR KLEIVELAND**  
arthur@nordhordland.no  
Tlf. 56 35 55 74



**ENDRE HOILAND**  
endre@nordhordland.no  
Tlf. 56 35 55 77



Kvernhusmyrane 29, Knarvik senter - 5914 ISDALSTØ - TLF: 56 35 55 55 - FAX: 56 35 55 56 - avisa@nordhordland.no

## Når ein løftar i lag

Lindås og Austrheim har gått saman om satsing på næring. Når den første felles nærings-sjefen/samfunnsutviklaren, Hogne Haugsdal no vert assisterande rådmann i Lindås, søkjer kommunane hans etterfølgjar. Det er ein krevjande, men spennande og utviklande jobb som ligg og ventar på rett person.

I Radøy er fleire av dei folkevalde kritiske til at det skjer for lite innafør næringsliv i kommunen. Radøy har signalisert at dei ønskjer å vera med i samarbeidet om felles nærings-sjef, og medan prosessen pågår, begynner det å tæra hardt på tolmodet. Den grøne øya har eit stort potensiale for fleire og gode arbeidsplassar, på line med dei ein har etablert hjå vekstverksemda RadøyGruppen. Og politikarane ivrar for-ståeleg nok etter at noko skal skje.

I Mongstad-området har Industriutvik-ling Vest og næringsavdelinga i dei to kom-munane gått saman om eit marknads-føringsprosjekt som skal få «Mongstad fram i lyset». Intensjonen er å gje aukt kunnskap om næringslivet både på Mongstad og i regionen. Eit spennande og nødvendig prosjekt, om ein ser på resultatata frå omdømmekartlegginga som vart gjort tid-legare i år. Den syner mellom anna at kunns-ka-pen om Mongstad er svært låg.

– Vi gjer mykje bra kvar for oss, men drar vi lasset saman kan vi koma endå eitt skritt vidare, seier Kurt Hauge, assisterande base-sjef på Mongstadbase- om prosjektet. Han rører etter vårt syn med sjølve kjerner i det som skal til for vidare utvikling, og for å ver-ta synleg hjå dei store og handlekraftige aktorane.

Ikkje berre i Mongstad-området, men i heile regionen vår er potensialet for vekst og utvikling mykje større enn mange andre stader i landet. Dette må verksemdene og kommunane utnyttja i lag til felles beste. For det er som Børge Brundtland, dagleg leiar i Industriutvikling Vest seier: Styrken i næringslivet aukar i takt med graden av samarbeid. Så sats på samarbeid på tvers av kommunegrensene og profesjonane i Nordhordland.



**ÆRESDIPLOM:** Lensmann Einar Vatne delte ut diplomar til alle bidraga i prosjektet, og starta med å dela ut æresdiplom til kommunalsjef Stein Frode Flataker for hans innsats med gjelds-prosjektet.

# Kreative dikt om gjeld og namsmann



**SKRUE McDUCKS HJELPERE:** Dei tre tiandeklassingane A...

**MELAND:** Tiandeklassane har i haust gjennomført sitt årlege prosjekt om gjeldsrådgeving. Fredag vart resultatata vist fram.

**MORTEN SÆLE**  
morten.saele@nordhordland.no

Alle tiandeklassingar frå ungdomssku-lane på Frekhaug og Rosslund var samla i Meland Aktiv for å presentera prosjekta for kvarandre. Og igjen hadde elevane vist stor kreativitet for å fortella om øko-nomiske utfordringar. Dikt, presentasjo-nar, song og film var tekne i bruk for å formidla bodskapet. I år var det overras-kande mange som hadde valt dikt som presentasjonsform.

– Det er artig at så mange har valt dikt-

## «Regningen den kom så fort, m

forma. Vi har prøvd å stimulera til det før, men det er ikkje så mange som har turt å satsa på dikt, seier kommunalsjef Stein Frode Flataker, som i sin tid var initiativ-takar til gjeldsprosjektet i Meland. Flata-ker går av med pensjon til nyttår, og over-let stafett-pinnen med gjeldsprosjektet til andre. Lensmann Einar Vatne delte ut diplomar til alle bidraga i prosjektet, og starta med å dela ut æresdiplom til Flata-ker for hans innsats med gjeldsprojek-tet.

Dei tre tiandeklassingane Audun Ryland, Filip Pavlovic og Stian Mjelde Jakobsen i gruppa "Skrue McDucks hjel-perer" var først ut med dikt:

Frida var en fattig jente, lånte penger av en hun kjente. Kjøpte seg en lekker bil, kjørte gjennom byn med stil.

Regningen den kom så fort, men Frida rotet brevet bort. Purringen den fulgte på, men Frida hadde ikke råd.

Namsmannen han kom på dør, han hadde ikke vært der før. Han tok med bilen på veien hjem. Frida fikk aldri se den igjen.



**DAGRUN STOKKE**  
dagrun@nordhordland.no  
Tlf. 56 35 55 75



**MORTEN SÆLE**  
morten.saele@nordhordland.no  
Tlf. 56 35 55 73



**IRENE B. JENSEN**  
irene.jenssen@nordhordland.no  
Tlf. 56 35 55 71

Kjem ut onsdag og lørdag • Sjå [www.nordhordland.no](http://www.nordhordland.no) for prisar og info. Redaktør Randi Bjørlo: 56 35 55 70 - Marknadssjef Roger Myhr: 56 35 55 60

**Dyrare vatn og avløp**  
LINDÅS: Årsgebyret for vatn og avløp aukar med 10 prosent neste år. Kostnadane med feiing og slamtømming går opp med 5 prosent. Gebyrsatsane for renovasjon vert vedtatt i tråd med tilråding frå NGIR-styret.

**PFU**  
Nå ønskjer å retta seg etter reglar for god pressetikkk slik desse er nedfelt i Vær Varsom-plakaten. Om nokon meiner seg ramma av urettmessig omtale, oppmodar vi dei om å ta kontakt med redaksjonen. Det er også høve til å reisa klage for Pressens Faglige Utvalg, Blåttorgst. 17, pb. 46 Sentrum, 0101 Oslo, tlf. 22 40 50 40. Epostadresse: [ofu@ing-net.no](mailto:ofu@ing-net.no)  
Arkivering og avfotografering: Nih tar utvinn rett til å arkivera og distribuera stoff som blir kjøpt eller utgitt av Nih, elektronisk eller annan form - anten gjennom eigen database- eller gjennom samarbeidsparatar som avisa har avtale med. Avfotografering av stoff og annonsar for vidare produksjon er ikkje tillate utan etter avtale med Nih.

**TIPS OSS!**  
916 20 916

### Ventar med trinn 3 på Lindås barneskule

**LINDÅS:** Kommunestyret har gjort vedtak om straks å starta opp arbeidet med rehabilitering av eksisterande bygg ved Lindås barneskule, innfor gitte rammer. Prosjektet skal setjast i gang i henhold til romprogram for fase 2, samt tilbygg med arbeidsplassar til lærarane. Rådmannen vert bedom om å koma tilbake med ein detaljert plan for uteområdet, før formannskapet kan ta stilling til den endelege kostnadsramma for denne delen av prosjektet. Byggetrinn 3 vert å koma attende til i samband med rulling av kommunedelplan for skule.

Framlegget frå Bjarte Vatnøy (Frp) om bygga ut Lindås barneskule etter vedtatt romprogram, fase 1-3 med totalkostnad på 65.676.000 kroner, fekk 5 røyster og fall. Åshild Halland (V) som er lærar ved skulen, sa seg ugildig då saka vart handsama.



Andun Ryland, Filip Pavlovic og Stian Mjelle Jakobsen i gruppa "Skruer McDucks hjelpere" var først ut med dikt om Frida som kjøpte seg bil over vevne. (Begge foto: Morten Sæle)

## «Mannen Frida rotet brevet bort»

«Dei frustrerte pengefruen» presenterte statistikk som viser at norske foreldre er meir ettergivande enn i dei andre skandinaviske landa.

To av tre foreldre seier ja når borna ber om meir pengar etter at vekepengane er brukte opp.

### Bli vant til backup

– På denne måten blir barna vant til å ha ein backup, og kan fort hamna i gjeldsproblem når dei skal stå på egne bein, seier dei «frustrerte pengefruen».

I dei andre nordiske landa er det under halvparten av foreldra som gir borna meir. Berre tre prosent av foreldrepara

seier klart nei til ekstra pengar.

### Heldige

– Dette gjeldsprosjektet i Meland er spesielt, det er ikkje mange skular i landet som har dette som fag, seier lensmann Einar Vatne. – De er heldige som får vera delta og setja fokus på eit viktig problem, og de har vore skikkeleg flinke, seier Vatne, som skal senda inn nokre av bidraga til Politidirektoratet for å visa fram kva ungdommen har fått til. Også Helge Kvam frå Meland kommune er involvert i prosjektet.

– Resultata vi har fått sjå her i dag har overgått min villaste fantasi, eg synest dei

har vore veldig, veldig flinke, seier Kvam. Vi lar to av versa til Sebastian Teigen Nygård sitt dikt på limerick-form vera siste påminning om å bruka pengar forsiktig:

Mannen hadde kortet i hånd  
Han folte seg litt som James Bond  
Litt penger her  
Litt penger der  
Måneden etter, ding dong

Alt tok namsmannen med  
Mannen satt hjemme i fred  
Igjen var det gjeld  
Ingenting var på stell  
Og det var altså det.

## JULEGAVER med mening!

**1998,-**

**Metabo BS 18 Li**  
kraftig 18 volts batterimaskin  
2 Li-power batterier: 2,2 Ah

**198,-**

**Stihl Lekemotorsag**  
40 cm irkl. batterier  
m/lyd og lyseffekt.

**R M REIGSTAD**  
MaskinSenter AS  
Reikeråsbygget 5914 Isdalstø  
Tlf. 56 35 79 90  
[www.reigstad.no](http://www.reigstad.no)